

Jordbruksøkonomien på Vestlandet i 2024 – utvikling og driftsresultat

Hovudtendens

- Solid inntektsauke for husdyrproduksjonane på Vestlandet i 2024
- Dei mellomstore bruka auka inntekta mest blant mjølkeprodusentane
- Ein liten inntektsnedgang for frukt- og bærprodusentane
- Redusert investeringsvilje i jordbruket på Vestlandet

Vestlandsbonden oppnådde ei jordbruksinntekt, målt som løn til alt arbeid og rente på egenkapital per årsverk, på kr 453 100 i 2024. Det er ein auke på kr 116 300 frå året før. I gjennomsnitt for landet auka jordbruksinntekta med kr 136 400 kr og vart på kr 500 300 per årsverk. Jordbruksarealet for vestlandsbruka var i middel 331 dekar, ein auke på 14 dekar frå 2023.

Auken i jordbruksinntekta for Vestlandet skuldast i hovudsak auka prisar og auka produksjon kombinert med moderat kostnadsutvikling. Økte tilskot til areal og dyr var også eit viktig bidrag. Auke i rentekostnader på 24 prosent og auka arbeidsinnsats med 2 prosent svekka resultatet.

Det var auke i jordbruksinntekt per årsverk for både store og små bruk, medan det var nedgang for dei med 100-200 dekar jordbruksareal og tydeleg større auke for dei store enn dei små bruka. Dette heng og saman med fordelinga av produksjonar i dei ulike gruppene. I dei minste gruppene er det frukt og bær som dominerer, i dei mellomste gruppene er det sau, storfekjøtt og dei små og mellomstore mjølkebruka. I den største gruppa er det mest store mjølkebruk, og den store inntektsauken frå 2023 til 2024 for mjølk slår difor mykje ut her.

Mjølkeproduksjon er viktig for landbruket på Vestlandet, og det er flest bruk i denne gruppa. Vederlag til arbeid og egenkapital (jordbruksinntekta) auka med 52 prosent eller kr 153 700 til 450 700 kr per årsverk. Resultatet for 2023 var nokså dårleg, men resultatet i 2024 ligg og litt over resultatet for 2022 målt nominelle kr. Grovfôrarealet på mjølkebruka auka med 11 dekar frå 2023 til 431 dekar, medan grovfôravlinga var om lag uendra. Tal årskyr auka med 2 prosent medan mjølkekvote og liter omsett mjølk baa auka med 7 prosent. Ein auke i mjølkeprisen på 48 øre/liter var viktig årsak til auke i mjølkeinntektene saman med auka volum. Kjøtprisen gjekk ned med kr 2,82 per kg for kukjøtt og kr 4,83 for anna storfekjøtt.

Det var en auke i variable kostnader på 2 prosent. I hovudsak grunna høgare kostnader til kraftfôr som følgje av auka mengd, sidan priser på kraftfôr og gjødsel gjekk ned i 2024. Faste kostnader auka også med 11 prosent frå 2023. Kostnader til leasing og maskinleige auka mest, men det var stor auke også på kostnader til drivstoff og vedlikehald av maskiner. Straumkostnaden gjekk opp med om lag 7 prosent. Driftsoverskotet i jordbruket auka med 66 prosent.

Det har vore investert mykje på mjølkebruka dei siste åra. Nettoinvesteringa i 2024 var kr 254 400 per bruk, 64 prosent mindre enn i 2023. Gjeldsauken var på 1 prosent, og rentekostnaden auka med 27 prosent. Generell auke i rentenivå er den vesentleg årsaka til auka rentekostnad.

Produksjonsomfanget på mjølkeproduksjonsbruka var på 32,1 årskyr, ein auke på 2,2 i høve til 2023. Bruka omsette i gjennomsnitt 245 000 liter mjølk og 7,6 tonn kg storfekjøtt (inkl. kukjøtt). Gjennomsnittleg jordbruksareal var 431 dekar, 11 dekar meir enn i 2023. Arbeidsinnsatsen var 2,1 årsverk à 1 845 timar og auka med 2 prosent frå året før.

Bruka med kombinert mjølkeproduksjon og sauehald oppnådde i 2024 ei jordbruksinntekt per årsverk på kr 651 500, ein auke på 40 prosent frå 2023.

Arealet var likt som fjoråret, medan grovfôravlenga gjekk opp med 3 prosent. Årskutalet var om lag som året før, medan talet på vinterfôra sauer gjekk opp med 7. Omsett mjølk var 150 668 liter, ein oppgang på 7 prosent. Mjølkeprisen auka med 44 øre per liter eller 7 prosent. Prisauke saman med auka leveranse medførte auka mjølkeinntekt med 14 prosent. Det var 4 prosent nedgang i kjøtprisen for storfekjøtt. Sauekjøtprisen gjekk ned med 16 prosent til kr 25,58 medan prisen på lammekjøtt auka med 8 prosent til 65,70. Inntekter frå husdyrproduksjonen auka til saman med kr 193 700 eller 15 prosent.

Det var auke i variable kostnader på 7 prosent eller kr 64 500. Kostnader til kjøp av storfe og kraftfôr gjekk mest opp. Faste kostnader auka med 27 prosent eller kr 123 500. Mesteparten av det skuldast auka kostnader til leigd arbeid, vedlikehald og maskinleige.

Gjennomsnittleg jordbruksareal var 400 dekar. Bruka hadde 20,1 årskyr og 102 vinterfôra sauer. Arbeidsinnsatsen gjekk ned med 150 timar eller 4 prosent, og var på 2 årsverk à 1845 timar per bruk.

Jordbruksinntekta for **sauebruka** gjekk opp med kr 23 400 per årsverk til kr 179 300. Tal vinterfôra sauer gjekk opp med 7,2, medan mengd omsett saue- og lammekjøtt auka med 2 prosent. Prisen på lammekjøtt var uendra, medan prisen på sauekjøtt gjekk ned med kr 4,88 frå året før. Prisen på sauekjøtt gjekk dermed ned med 11 prosent. Dei samla inntektene frå husdyrprodukt auka med 1 prosent, medan samla tilskot auka med 19 prosent. Totalt gjekk produksjonsinntektene opp 15 prosent. Variable kostnader auka med 10 prosent, medan faste auka med 20 prosent. Arbeidsforbruket auka med 3 prosent og utgjorde 1,2 årsverk. Gjelda var om lag uendra på 2,3 mill.kr i snitt per bruk, medan renteutgiftene auka med 12 prosent.

I 2024 omfatta driftsforma 32 bruk med i gjennomsnitt 138 vinterfôra sauer og 250 dekar jordbruksareal. Tilskotsauke bidrog til auke i jordbruksinntekta for sauebruka på kr 23 400 per årsverk trass i svak prisutvikling på produkta og aukande kostnader.

Produksjon av storfekjøtt, enten med ammekyr eller på innkjøpte kalvar, oppnådde ei jordbruksinntekt per årsverk på kr 74 400 i 2024, ein auke på kr 26 300 frå året før. Det har vore store endringar i jordbruksinntekta frå år til år for desse bruka. Det er få bruk i gruppa, og nye bruk eller endringar på enkeltbruk, kan gje store utslag.

Det var 13 bruk i gruppa i 2024. I gjennomsnitt hadde dei 401 dekar jordbruksareal, 26 ammekyr og 11 kviger og produserte 10 000 kg storfekjøtt.

Frukt- og bærproduksjon er den driftsforma som har hatt størst variasjon i jordbruksinntekta mellom år. For frukt- og bærprodusentane vart 2024 eit middels godt år, men svakare enn 2023. Jordbruksinntekta gjekk ned med 3 prosent frå 2023 til 2024, og vart kr 595 600 per årsverk. Prisane på frukt til produsent var betre enn fjoråret. For eple var avlingane høgare enn i 2023, om lag uendra avling for plommer, medan det var stor nedgang for pærer. Frukt- og bærinntektene gjekk ned med 15 prosent. Dei variable kostnadene gjekk ned med 28 prosent medan dei faste kostnadene var uendra. Arbeidsforbruket gjekk ned med 10 prosent og var på 1,7 årsverk per bruk. Det er 16 produsentar i denne gruppa, og i gjennomsnitt hadde dei eit frukt- og bærareal på 47 dekar.

Nettoinvesteringane på vestlandsbruka låg i 2024 lågare enn landsgjennomsnittet. I gjennomsnitt investerte vestlandsbøndene for kr 185 200, ned frå 352 200 i 2021. Landsgjennomsnittet låg på kr 257 000. Samla gjeld auka med 0,4 prosent for vestlandsbonden, og var på 4,1 mill. kr i middel per bruk. Renteutgiftene auka med 24 prosent.

Driftsgranskingane viser at driftsoverskotet frå jordbruket på Vestlandet utgjorde 47 prosent av dei samla inntektene til familien i 2024, som er 9 prosentpoeng høgare enn i 2023. Løsinntekt utgjorde 34 prosent. Skogbruk og tilleggsnæring med utgangspunkt i ressursane på bruket utgjorde høvesvis 1 prosent og 6 prosent. Resten av dei samla inntektene er anna næring, pensjonar, sjukeløn og kapitalinntekter.

Maksimalt jordbruksfrådrag var kr 195 000 i 2024. Tek ein omsyn til inntektsverknad av jordbruksfrådraget, vert den skattekorrigerte jordbruksinntekta i 2024 kr 504 300 i gjennomsnitt per årsverk for bruka frå Vestlandet. I alt utgjorde inntektsverknaden av jordbruksfrådraget kr 33 200 per årsverk. Det er ikkje teke omsyn til inntektsverknaden av jordbruksfrådraget i dei andre resultatmåla som er presenterte frå driftsgranskingane.

Jordbruksinntekt er definert som løn til alt arbeid og rente på eigenkapitalen per årsverk, og varierer mellom ulike produksjonar og storleik på bruka.

Skattefordel for bønder er skattelette i form av eit ekstra jordbruksfrådrag i allmenn inntekt. Det blir rekna ein inntektsverknad av skatteletten tilsvarende den inntekta ein må ha for å oppnå same kjøpekraft som skatteletten genererer.

Driftsgranskingane i jordbruket var for 2024 basert på eit tilfeldig og representativt utval av 932 bruk over heile landet. I alt omfattar granskinga 182 bruk frå Vestlandet; 123 i Vestland fylke og 59 i Møre og Romsdal. Alle dei presenterte resultata er middeltal frå grupper av bruk. Det er stor spreiding i materialet, noko som ikkje kjem fram her. Middeltala for dei 182 bruka gjev likevel ein god peikepinn på korleis den økonomiske utviklinga for jordbruket på Vestlandet har vore.

For fleire opplysningar, kontakt NIBIO Bergen ved:

Seniorrådgjevar Erik Gran, Telefon: 414 11 486, E-post: erik.gran@nibio.no

eller rådgjevar Patrycja Magdalena Klimek, Telefon: 466 34 754

E-post: patrycja.klimek@nibio.no

E-post: bergen@nibio.no

Internett: www.nibio.no

Utfyllende informasjon til pressemelding 9.12.2024:
Jordbruket på Vestlandet i 2024

Samla oversikt for 2024

	Tal bruk	Gj. areal dekar	Driftsoverskot per bruk		Vederlag til arbeid og egenkapital per årsverk		Skattekorrigert vederlag per årsverk	
	2024		2023	2024	2023	2024	2023	2024
Vestlandet, alle	182	331	527 600	757 100	336 800	453 100	370 200	486 700
Bruk < 50dekar	10	31	538 700	584 100	508 200	520 200	559 700	566 300
≤ 50 - 100dekar	11	76	809 900	841 900	558 800	588 700	589 900	615 600
≤ 100 - 200 dekar	34	153	347 500	295 800	287 400	281 000	327 300	318 100
≤ 200 - 300 dekar	45	240	372 900	688 000	273 400	452 300	308 100	487 100
≤ 300 - 500 dekar	48	386	548 000	881 400	306 500	461 500	340 300	498 100
> 500 dekar	34	723	768 000	1 158 000	330 100	472 000	355 800	499 200
Mjølkeproduksjon	68	431	569 800	943 400	297 100	450 700	328 800	483 200
Mjølk/sauehald	14	401	853 800	1 172 500	465 800	651 500	499 100	686 400
Kjøttproduksjon, storfe	13	401	61 200	176 700	48 200	74 400	77 100	112 700
Sauehald	32	250	173 200	196 100	156 000	179 300	193 600	214 000
Frukt og bær	16	60	885 700	764 300	616 300	595 600	651 200	635 500
Vestland fylke	122	293	571 000	762 200	367 300	471 100	401 000	504 300
Møre og Romsdal fylke	55	409	441 400	772 000	276 200	426 800	309 800	461 500
Mjølk Vestland	34	381	567 900	964 000	293 700	465 000	324 900	498 500
Mjølk Møre og Romsdal	31	494	562 600	942 600	298 100	438 600	330 500	470 100
Landet	932	438	541 000	788 000	363 900	500 300	400 400	536 600

Alle beløpa i tabellen er oppgjevne i nominelle kroner.
Jordbruksinntekt per årsverk er definert som løn til alt arbeid og til rente på egenkapitalen

Jordbruksinntekt per årsverk à 1845 timar for Vestlandet og landet i perioden 2015-2024

